

Notat

Til: Ingvild Hjelmtveit, Reidun Elin Johannessen, Irene Rydland Haukeland, Helge Kvam, Britt Hilde Romarheim, Randi Rotevatn Minde, Jens Erik Dahl, Karl Johannes Romarheim, Egil Gripsgård

Kopi til: Nils Marton Aadland

Saksbehandler: Rådmann/stab/Kari Anne Iversen

Vår referanse: 15/114 - 1 /

Dato: 16.01.2015

Emne: Referat frå evalueringsmøte etter straumstansen 10. og 11. januar 2015

Møtet vart halde torsdag 15.01.15. Tema: Lærdom etter straumstansen i helga 10. og 11. januar, kva lærte vi, korleis kan vi førebu oss for tilsvarande hendingar.

Meland sjukeheim

Det er laga logg over hendingane. Tenesteområdeleiar har også utarbeidd oppdatert lokal beredskapsplan, dat. 15.01.15. Denne må vere tilgjengeleg for alle tilsette ved sjukeheimen. Dersom ein ikkje får kontakt med ekstrapersonell via Min Vakt eller telefon kan det vere aktuelt å oppsøkje personell på heimeadresse. Bør då ha personell-lister m/påført bustadadresse tilgjengeleg. Nødllys går ned etter to timar, tidsfaktor i høve oppkopling av aggregat er difor viktig. Rutinar for batteri-backup i utgangsmarkeringslys og signalanlegg må gjennomgåast. Det bør vere lager av batteri til lommelykter m.m.

Heimetenesta

Må lage tilsvarande beredskapsplan som for sjukeheimen. Også for heimetenesta må det vere tilgjengeleg personell-lister m/bustadadresse og liste over pårørande. Vil også sjå på tiltak for Bustølen og husvera på rådhuset.

Drift/vedlikehald

Vassforsyning: Ny plan er laga, denne må inn i Beredskapspermen.

Kommunale vegar: Stor jobb med å rydde desse.

Nedfall av tre: Kommunen må oppfordre grunneigarar til å rydde tre på sine eigendomar, jf. overordna ROS-analyse.

Drivstoff: Kommunen bør ha konto på fleire bensinstasjonar i distriktet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Låsesystemet på rådhuset: Må sjå på korleis dette fungerer ved bortfall av straum.

Lindås og Meland brannvern

Har i utgangspunktet positive erfaringar med BKK sine aggregat, men Meland sin melding kom seint inn, og då var det ikkje fleire disponible aggregat att. Sivilforsvaret supplerte med aggregat frå andre delar av landet. Når eit uvêr får eit namn bør KKL ta ein førebuande gjennomgang av den varsla situasjonen, - viktig å vere proaktiv.

Koordinering mellom brannvesenet og Drift/vedlikehald vart drøfta. Brannvesenet har mange ressursar som kan setjast inn. Dei kan t.d. bistå heimebuande eldre i den grad dei har kapasitet til det.

Informasjon

Er alltid utfordrande. Dårleg mobildekning var ei tilleggsutfordring. Mobilleverandøravtalar må ha eit beredskapsperspektiv i seg, dagens system er ikkje godt nok.

Ulik relevant informasjon kunne likevel ha vore lagt ut via nettsidene og Facebook, dersom Webredaktør hadde blitt kontakta. Ho hadde nett-tilgang heile tida, og mange innbyggjarar hadde nett-tilgang i periodar.

Kommunen bør vere varsam med å gi informasjon om sjølve straumsituasjonen, - dette er det BKK sitt ansvar å informere om, men det kunne t.d. vore lagt ut link til BKK sine nettsider.

Det må undersøkjast om det nye sms-varslingssystemet kan effektuerast frå andre lokasjonar enn Meland rådhus, dersom ein ikkje får dette systemet opp herfrå.

Aggregat

Det er mykje som tyder på at periodar med ekstremvêr er kome for å bli, og vi kan då ikkje basere oss på innlånte aggregat. Det er 3 område som peiker seg ut som svært sårbare: Meland sjukeheim, Lerketunet og Meland vassverk. Det vil bli sett i gang eit arbeid med å utgreie behovet for større mobile og stasjonære aggregat. KKL kjem tilbake til dette.

Lokalisering KKL

Ved bortfall av straum vil Meland sjukeheim vere ei meir føremålstenleg lokalisering for KKL enn rådhuset, dette vil bli justert i Beredskapspermen.


Rådmannen kallar inn til eit nytt møte i KKL i starten av februar.

Referert av

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Kopi til:

Nils Marton Aadland



Notat

Ingvild
Hjelmtveit
Tord Moltumyr
Anny Bastesen
Øyvind
Oddekalv
Irene Rydland
Haukeland
Grethe E
Lindøen

Saksbehandler: Rådmann/stab/Kari Anne Iversen
Vår referanse: 15/623 - 48 / FA - X20
Dato: 02.11.2015

Emne: Oppsummering etter Øving Hordaland 2015

Handtering av innkomne meldingar

KKL tok ganske raskt avgjerd om at enkeltmeldingar (frå innbyggjarar som var uroa over eitt eller anna i samband med mogleg radioaktivt nedfall) skulle handterast av informasjonsgruppa. Dette fungerte bra og gav KKL høve til å jobbe meir strategisk. Samstundes burde KKL skaffa seg betre oversyn over kva problemstillingar som kom fram i alle desse enkeltmeldingane, og det må vi finne eit godt system for neste gang, t.d. ved bruke av ein eigen krisekonto for e-postutveksling mellom informasjonsgruppa og KKL.

Bruk av nettsida

Etter ei tid vart det klart at «krisenettsoda» ikkje fungerte optimalt, og informasjonen vart då lagt på ordinær heimeside. Viktig å setje klokkeslett på dei ulike meldingane. Også viktig at resepsjonen nyttar heimesida aktivt, - må gi påminning til dei om dette.

Informasjonsressursar

Informasjonsbehovet må aldri undervurderast og KKL må kontinuerleg vurdere om det er nok ressursar dedikerte til dette området. Kan hende bør fleire personar få opplæring i sms-varslingsssystemet. (Vart ikkje nytta under øvinga, men dei som kan bruke programmet vart varsla)

Organisering av KKL

Rådmannen vil ta initiativ til ei drøfting av alternativ organisering av KKL, slik at oppgåver/rolle er meir fastlagt.

Alternative øvingsformer

Det kan vere ein god idé å følgje ei konkret hending i ein annan kommune og så drøfte i KKL korleis vi ville handtert ein slik situasjon .

Generelt

Innkalling av KKL gjekk greitt. Dimensjonering/frammøte vart tilpassa oppgåvene.

Med bakgrunn i dei geografiske tilhøva er scenariet for denne øvinga meir arbeidskrevjande for dei kommunane som ligg i nærleiken av HOS. Avstanden vart på kart målt til 20 km til utsleppsstaden for det radioaktive nedfallet. Mange tiltak var difor ikkje aktuelle for MK, men KKL opplevde det likevel som nyttig å øve, ikkje minst når det gjaldt handtering av informasjonsbehovet. KKL gjekk også gjennom aktuelle problemstillingar som t.d. utdeling av jod-tablettar og vassforsyning.

Undervegs i øvinga oppstod det problem med kommunen sin e-postserver, og rapport til FM måtte sendast via andre e-post-konti. Det var nyttig å finne ut korleis dette kunne gjerast.

Referert av

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Kopi til:
Anne Berit Helle, Per Atle Sæle

Kari Anne Iversen

Fra: Irene Haukeland
Sendt: 29. oktober 2015 13:44
Til: Bente Bing Kleiva; Guro Osnes; Kathrine Straumøy Brakstad
Kopi: Kari Anne Iversen; Ingvild Hjelmtveit; Øyvind Oddekalv
Emne: Kort oppsummering frå Informasjonsgruppa etter kriseøving 27.10.15

Hei alle!

Her kjem eit kort notat med aktuelle punkt/ erfaringar frå Informasjonsgruppa.

Bakgrunn/ hending:

Mogleg nedfall av radioaktivt materiale.

a) Leiar i informasjonsgruppa var stasjonert i KKL. Informasjonsgruppa var stasjonert på møterom 4. KKL bestemte at meldingane skulle sorterast som følgjer;

1. Frå offentleg instans/ næringsliv: til KKL
2. Frå private/ pårørande/ innbyggjarar: til Informasjonsgruppa

Tilbakemelding: Det blir viktig å sikre kommunikasjon frå Informasjonsgruppa tilbake til KKL, ift hovudinnhaldet i spørsmål frå publikum, slik at KKL til ei kvar tid kan danne seg eit «totalbilde» av situasjonen.

Framlegg til tiltak:

- Oppretting av eigen epost- konto til bruk i krisesituasjon. Rådmann må ev. gje klarsignal om dette skal opprettast.
- For mottak av meldingar pr. telefon, eller på anna måte munnleg, må informasjonsgruppa nytte gjeldande mal for mottak av meldingar.

b) Vi fekk avdekka teknisk feil i portalen ved publisering til side for «Krisemeldingar»:

- «Krisesida» fungerte ikkje slik forventa, vi fekk ikkje opp alle meldingane fortløpande og link for «sjå alle» fungerte ikkje
- Manglar tidspunkt/ klokkeslett i artikkel
- Sak er meldt leverandør

c) Andre punkter:

- All informasjon frå KKL til heimesida og facebook må ut på engelsk frå **1. melding**
- Arbeidsfordeling mellom leiar i informasjonsgruppa og informasjonsgruppa fungerte ok, men kan reviderast ved behov

Oppsummeringa går som orientering til Ordførar, rådmann og personal- og organisasjonsleiar.

Irene

Leiar i Informasjonsgruppa

.....

Irene Rydland Haukeland
Spesialkonsulent/ Webredaktør
Tlf. 56171000/1046
Mobil: 92660969
E- post: irene.haukeland@meland.kommune.no



Meland kommune
- *Eit samfunn for alle* -

Sjå brosjyren vår

